

FØRES

Otto Dyrkolbotn
Dyrkolbotn 274B
5994 Vikanes

Tlf 68281560
Epost yeti@1337.no

Notat til kommunen 2005 2019

Verneplan for området mellom Romarheimsdalen og Masfjorden

Vi er blitt kjende med at det visstnok skal vera planar om vern av naturområdet frå Romarheimsdalen til Austfjorden/Masfjorden. Dette har vi synspunkt på.

Etter det vi skjønar er slike planar meint å gje sterkare vern mot vindkraftutbygging enn dei som gjeld i dag.

Etter det eg veit følgjande:

Både Masfjorden og Lindås kommune har sagt klårt frå om at dette området er særleg eigna som natur og friluftsområde. Begge kommunane har så langt eg veit i vedtaks form sagt frå om dette. Fylket – også så langt eg veit både fylkeskommunen og den statlege delen av fylket ved fylkesmannen – har sagt seg samd i dette.

Ved vernevedtak i 1982, med tilslutnad frå kommunane, er Eikefetvassdraget varig verna. Vernevedtaket frå 1982 vart tolka slik at det at det berre galdt dei vassdraga som hadde utlaup i sjølve Eikefetelva. Romarheimselva med elva frå Dyrkolbotn med utlaup i Osterfjorden, og ei rad andre elvar og bekkar med utlaup andre stader enn på Eikefet er unnatekne frå verneplanen. Det galdt sjølv om dei vart planlagt overførde til Eikefetelva gjennom tunnelar og utbygde saman med Eikefetvassdraget.

Omlag 1995 fremja BKK planar om å byggja ut også desse elvane med inntak i ein 19 km lang tunnel frå Nottveitelva i Modalen gjennom Dyrkolbotn i Lindås og fleire gardar i Masfjorden med kraftstasjon ved indre Haugsdal. Årleg energiinnvinning omlag 200 Gwh, dvs omlag det same som i den opphavelige planen for Eikefetelva.

Desse planane vart stogga ved at NVE fremja Samla Plan (SP) for desse vassraga - i 1997 var det vel. Denne SP vart godkjent av Regjeringa. SP er ingen verneplan, men SP set eit klart forbod mot den storutbygginga som BKK hadde planlagt. Derimot opna planen for nokre mindre lokale kraftverk utan nemnande inngrep i naturen. To av desse er bygde, Kjetland i Masfjorden og Dyrkolbotn i Lindås. Eit tredje, og det største av dei, er under bygging på Nottveit i Modalen. Denne utbygginga har vore nokså avgjerande for at det framleis bur folk på dei småbruka dette gjeld, og med nokonlunde inntekt til å leva av.

Både verningsvedtaket i 1982 og SP løysinga frå 1997 vart i hovudsak kjempa fram av grunneigarane og lokalt busette. Samstundes vart teki opp spørsmål om areal- og ressursutnytting generelt med klar motstand mot uvitug hyttebygging og ressursbruk, medan omsynet til jordbruket kom i bakgrunnen.

Den løysinga som ein kom fram til og som er skissert ovanfor har lokale interesser vore rimeleg nøgde med. Innafor dei rammene som er dregne opp vil også det lokale kommunale sjølvstyre i hovudsak kunna utøva demokratiske styringsoppgåver.

Det er dette systemet ein bør utvikla vidare, ikkje innføra verneordningar som i røynda vil overføra makt til staten og til endå meir overordana organ som td UNESCO. Biosfæreplanane kan mogelegvis utviklast slik at dette ikkje skjer. Men her er det fare på ferde.

Eg legg ved ein artikkel som viser kva som har skjedd i Aurland og langs Nærøyfjorden.

Vikanes 20. mai 2019


Otto Dyrkolbotn

Vedlegg:

Artikkel i det engelske tidsskriftet RICS Mai/Juni 2019